

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	01.-02. juni 2021
Tid:	Tysdag 01. juni 12:30-16:15 Onsdag 02. juni: 09:00-15:40

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Reprenterere	Merknader
Jon Askeland	Leiar	SP	
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG	
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	Permisjon 02.06 frå kl. 13:30.
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Noralv Distad	Medlem	H	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Morten Klementsens	Medlem	UA	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	Permisjon 02.06 frå kl. 14:00

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterere
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Reprenterere
Alfred Jens Bjørlo	Gunhild Berge Stang	V

Merknader

Torbjørn Vereide (A) møtte for Arve Helle (A) 02.06 frå kl. 13:30-15:40.
 Helge Stormoen (FRP) møtte for Terje Søviknes (FRP) 02.06 frå kl. 14:00-15:40
 Mark Taylor (MDG) møtte for Natalia Golis (MDG) i PS 101/21

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off (lukket)
	Godkjenningssaker		
GK 19/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 20/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 11.05.2021	2021/646	
	Referatsaker		
RS 44/21	Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge	2021/16616	
RS 45/21	Informasjon frå Sunnhordland lufthavn AS - referat frå møte med Samferdselsdepartementet om anbudsutlegging av flyruta Stord-Oslo	2020/39739	
RS 46/21	Prop. L 158 (2020-2021) Endringar i personopplysningslova og offentleglova	2021/6002	
RS 47/21	Oversikt planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021	2020/43973	
RS 48/21	Forsøpling på sjø og land	2021/18456	
RS 49/21	Status for revidert Bømlopakke	2020/49137	
RS 50/21	Forprosjekt for fv 587 Arnatveit- Midtun inklusiv Grimesvingane	2021/19499	
RS 51/21	Covid-19 - statlege tilskot	2021/2704	
RS 52/21	Fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2030 - Osterøy kommune	2021/15765	
RS 53/21	Tapte billettinntekter i kollektivtransporten på grunn av manglande betaling frå reisande	2021/16524	
RS 54/21	Status Båtanbod	2020/35690	
RS 55/21	Innspel frå Vestland fylkeskommune til Næringskomiteen - representantforslag om å ta bedre vare på matjord gjennom å fastsette nytt jordvernmål (Dokument 8:118 S (2020-2021))	2021/15860	
RS 56/21	Statusrapport Klimapartnere Vestland	2021/20329	
RS 57/21	Tiltaksplan for 2021	2021/19550	
RS 58/21	Årsmelding 2020 frå fylkeseldrerådet i Vestland	2020/77154	
RS 59/21	Årsmelding 2020 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2020/77152	
RS 60/21	Gåveregister for dei folkevalde	2019/13	
RS 61/21	Kvalitetssikring av finansreglementet.	2020/50307	
RS 62/21	Oppfølging av anmodningsvedtak frå Stortinget om vidareføring av flyrutekjøp som eit statleg ansvar	2021/6002	
RS 63/21	Referat frå møter i Vestlandsrådet sitt arbeidsutval	2021/6002	
RS 64/21	Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - status oppfølging av verbalforslag første halvår 2021	2020/75517	
	Skriftlige spørsmål		
SI 13/21	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - tannhelsetenesta	2020/36319	
SI 14/21	Spørsmål frå Helle (A) - Dagsturhytter	2020/36319	
SI 15/21	Spørsmål frå Framnes (FrP) - Trafikksituasjon ved Herdla bru	2020/36319	
	Politiske saker		
PS 99/21	Tertialrapport pr. april 2021 - rekneskapsprognose	2021/18125	
PS 100/21	Finansrapport pr. 30.04.2021	2021/18430	
PS 101/21	Godkjenning av årsrekneskap 2020	2020/46484	
PS 102/21	Dale vgs - Kjøp av tilstøytande eigedom	2021/20050	
PS 103/21	Bybanen til Fyllingsdalen og mogleg forlenging til Spelhaugen	2020/36709	
PS 104/21	Miljøøftet, handlingsprogram for perioden 2022-2025	2020/36709	
PS 105/21	Bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøftet	2020/36709	
PS 106/21	Regional transportplan 2022 - 2033 - Høyringsutkast	2020/36671	
PS 107/21	Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden	2021/20573	
PS 108/21	Prosjektstatus og konkurranseførebuing Framtidas hurtigbåt del II	2021/2701	

PS 109/21	Godsbåt Bergen - Gulen, Solund, Hyllestad og Askvoll	2021/17206	
PS 110/21	Vedtak av "Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033"	2020/74003	
PS 111/21	Om deltaking i Mineralrådet Vestland og fylkeskommunen sitt arbeid med saksfeltet mineralressursar og mineralnæring	2020/75310	
PS 112/21	Regionalt forskingsfond Vestland - Årsrapport for 2020	2021/19656	
PS 113/21	Ytre Steinsund bru - godkjenning av byggestart	2020/42410	
PS 114/21	Seriøsitetsskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak	2021/19094	
PS 115/21	Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes, tunnel og vegutbedring - godkjenning av byggestart	2020/1426	
PS 116/21	Austevollpakke - Mogleg spleiselag mellom fylkeskommunen og Austevoll kommune	2020/75404	
PS 117/21	Kulturkort for ungdom i Vestland	2021/1637	
PS 118/21	Busetjing av flyktningar i Vestland	2021/4232	
PS 119/21	Vestland som antirasistisk sone - status/oppsummering for fylkeskommunen	2020/72195	
PS 120/21	Verdsarvstaden Bryggen. Forvaltningsplan 2021-2025	2019/32	
PS 121/21	Medlemsskap i nettverket IAKS	2021/19461	
PS 122/21	Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune	2021/16092	
PS 123/21	Tilhøve for ungdom på hybel	2021/18407	
PS 124/21	Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland	2021/5942	
PS 125/21	Fagbrev på jobb	2020/41026	
PS 126/21	Etablering av felles digital formidlingsteneste for natur- og kulturhistorie i Vestland	2020/62667	
PS 127/21	Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune	2021/19208	
PS 128/21	Prinsipp - val av skulenamn på nye vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune	2021/19771	
PS 129/21	Nye regionråd i Vestland fylke - Framlegg til tilskotsordningar og partnarskapsavtalar	2021/19524	
PS 130/21	Godkjenning av ny selskapsavtale for VIGO IKS	2021/19531	
PS 131/21	Innstilling til klima- og miljøpris 2021	2020/78474	X
PS 132/21	Vestland fylkeskommune - søke medlemskap i Sunne kommuner	2021/18229	
PS 133/21	Takstauke spesialistbehandling TK Vestland	2021/20123	
PS 134/21	Eigarstyring Fjord Invest Såkorn AS - forslag om vedtektsendring	2020/35102	
PS 135/21	E134 Haukelivegen AS - forslag om å auke eigarane sitt bidrag	2020/46352	
PS 136/21	Arbeid med internkontroll og resultat av eksterne tilsyn i 2020	2019/121	
PS 137/21	Møteplan for folkevalde organ i 2022	2021/19733	
PS 138/21	Årsmelding for klagenemnda i Vestland fylkeskommune	2021/17025	
PS 139/21	Godkjenning av fylkesting for ungdom (FFU) og Vestland ungdomsutval	2019/82	
PS 140/21	Kjønnsnøytrale stillingsnemningar i Vestland fylkeskommune	2021/20689	
PS 141/21	Oppnemning av representantar frå kommunesektoren til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget	2021/6002	
PS 142/21	Årsmelding Vestland fylkeskommune 2020	2021/21859	
PS 143/21	Uttale knytt til flykjøp på ruta Stord-Oslo		

Godkjenningssaker

GK 19/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Sigbjørn Framnes (FRP) sette fram slikt forslag til ny sak på sakskartet:

«Uttale knytt til flykjøp på ruta Oslo-Stord»

Emil Gadolin (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Stord Lufthavn. Gadolin gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Gadolin var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Gadolin gjekk frå under spørsmålet om saka skulle på sakskartet. Det var 16 representantar til stades.

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til å sette saka på sakskartet.

Innkalling og sakliste vart godkjent med endringa over.

GK 20/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 11.05.2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Møteprotokoll frå møte 11.05.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 44/21 Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 45/21 Informasjon frå Sunnhordland lufthavn AS - referat frå møte med Samferdselsdepartementet om anbudsutlegging av flyruta Stord-Oslo

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 46/21 Prop. L 158 (2020-2021) Endringar i personopplysningslova og offentleglova

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 47/21 Oversikt planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 48/21 Forsøpling på sjø og land

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 49/21 Status for revidert Bømlopakke

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 50/21 Forprosjekt for fv 587 Arnatveit- Midtun inklusiv Grimesvingane

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 51/21 Covid-19 - statlege tilskot

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 52/21 Fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2030 - Osterøy kommune

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 53/21 Tapte billettinntekter i kollektivtransporten på grunn av manglande betaling frå reisande

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 54/21 Status Båtanbod

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 55/21 Innspel frå Vestland fylkeskommune til Næringskomiteen - representantforslag om å ta bedre vare på matjorda gjennom å fastsette nytt jordvernmål (Dokument 8:118 S (2020-2021))

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 56/21 Statusrapport Klimapartnere Vestland

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 57/21 Tiltaksplan for 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 58/21 Årsmelding 2020 frå fylkeseldrerådet i Vestland

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 59/21 Årsmelding 2020 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 60/21 Gåveregister for dei folkevalde

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 61/21 Kvalitetssikring av finansreglementet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 62/21 Oppfølging av anmodningsvedtak frå Stortinget om vidareføring av flyrutekjøp som eit statleg ansvar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 63/21 Referat frå møter i Vestlandsrådet sitt arbeidsutval

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

RS 64/21 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - status oppfølging av verbalforslag første halvår 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Vart referert.

Skriftlige spørsmål

SI 13/21 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - tannhelsetenesta

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Spørsmål:

Korleis fungerer tilsynet med tannhelsa til prioriterte grupper B og C? Får dei som er på institusjon, og med lang reiseveg til næraste tannlegekontor, tilsyn der dei bur? Kor ofte?

"Akseptabel reiseveg" til næraste tannlegekontor er iflg fylkeskommunen sett til 1 time eller 5 mil. Kor mange / kva bygder har lengre reiseveg enn det?

Har det vore vurdert tiltak som kjøp hos private, dersom det er slike tilbod nærare? Vil det vere mogeleg å tilby uten å sette næraste offentlege tannlegekontor i fare? Er det kommunar som har tatt opp med den fylkestannhelse-tenesta å få til ei slik ordning?

Tilbyr ein betalande klientell tannbehandling på stader der ein er redd for at kontoret står i fare for å redusere drifta? Og kva gjer ein for å gjere folk merksame på tilbodet? Har den offentlege tannhelsetenesta mange betalande kundar?

Svar på spørsmål:

Tilsyn med pasientar i gruppe B og C

Pasientar i tannhelsegruppe B og C har rett til nødvendig tannhelsehjelp i det fylket der dei bur eller midlertidig oppheld seg. Fylkeskommunen har plikt til å gi pasientane eit regelmessig og oppsøkande tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta og kommunen har gjennom samarbeidsavtalar og årlege møter utarbeida rutinar som skal sikre at tannhelsetenesta får informasjon frå kommunen om kven av pasientane som fell inn under tannhelsegruppe B og C

som ønsker eit tilbod frå den offentlege tannhelsetenesta. Desse personane vil få eit tilrettelagt tilbod i den offentlege tannhelsetenesta basert på kva pasienten har behov for og er i stand til å ta i mot.

Den som undersøker pasienten skal ha kompetanse til å gjennomføre undersøkinga på ein god og forsvarleg måte (helsepersonellova). Stadig fleire av pasientane som er på institusjon har eigne tenner framfor protesar, som var vanlegare før. Å ha gode tilhøve til å sikre forsvarleg diagnostikk og tannbehandling er grunnlaget for å kunne utføre tannhelsetenester av god nok kvalitet og nå målet om at pasienten skal ha ei akseptabel oral helse. Det blir difor lagt opp til at alle pasientar som er i stand til det får undersøking og behandling på tannklinikken.

Pasientar som ikkje er i stand til å ta i mot behandling på tannklinikken, vil få oppfølging og behandling der pasienten bur. Det blir i dialog med pasienten og den tenesta som følgjer opp pasienten vurdert kva som er mest tenleg for pasienten. Forholdet mellom belastninga og nytten tannbehandlinga fører til må alltid vegast opp i mot kvarandre. Behandlinga som er mogleg å tilby der pasienten bur vil vere avgrensa, då tannbehandling i stor grad krev avansert utstyr.

Intervall mellom munn- og tannhelseundersøkingar

Ved undersøking av ein pasient vert det i tillegg til den kliniske undersøkinga av tenner, munn og kjeve gjerne teke røntgenbilete. På bakgrunn av ulike risikofaktorar vert det gjort ei individuell vurdering som grunnlag for kor ofte pasienten bør få munn- og tannhelseundersøkingar. Det vert også lagt ein plan for førebyggjande tiltak.

Helseutfordringar, sjukdom, funksjonshemmingar, oral status, tidlegare oral sjukdomshistorikk, reinhald av munn og tenner, kosthald og medisinbruk er dømer på nokre av risikofaktorane som spelar inn i vurderinga om kor ofte pasienten får oppfølging frå tannhelsetenesta. Det er soleis ikkje mogleg å sei på generelt grunnlag kor ofte pasientar i tannhelsegruppe B og C får tilsyn frå tannhelsetenesta. Dette er heterogene pasientgrupper som kan ha svært varierende behov.

Bygder med meir enn 1 time eller 5 mil til nærmaste offentlege tannklinikkk

For ei full utgreiing på kor mange bygder i Vestland som har meir enn 1 time eller 5 min til nærmaste tannklinikkk har tannhelsetenesta behov for meir tid enn ei veke svarfrist.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har frå tidlegare ein oversikt som viser alle grender som har over 20 minutt reisetid til nærmaste offentlege tannklinikkk, så denne er vedlagt under.

Tannklinikkk	Skule/grend	Reiseavstand	
Førde	Frøysand	44 min, 39 km	
	Holsen	22 min, 20 km	
	Vevring	25 min, 23 km	
	Vassenden	22 min, 20 km	
	Naustdal	(12 min, 12 km)	
	Dalen skule	27 min, 24 km	
	Karstad skule	21 min, 17 km	
	Sande	23 min, 22 km	
	Viksdalen	43 min, 40 km	
	Gjelsvik skule	35 min, 32 km	
Florø	Svelgen	55 min, 57 km	
	Stavang	45 min, 45 km	
	Solheim skule, Norrdalsfjord	28 min, 26 km	
	Steinhovden skule	40 min, 38 km	
	Eikefjord	24 min, 25 km	
Måløy	Bryggja	20 min, 20 km	
	Selje	47 min, 45 km	
	Stadlandet	63 min, 61,5 km	
	Kalvåg	27 min, 26 km + ferje 35 min= 62 min	
	Hauge, Bremanger	13 min, 12 km + ferje 35 min= 48 min	
	Rugsund	16 min, 18 km + ferje 35 min=51 min	
Dale	Hyllestad	43 min, 41 km	
	Askvoll	22 min, 21 km	
	Guddal	33 min, 30 km	

	Hellevik i Fjaler	30 min, 25 km	
	Holmedal	(14 min, 14 km)	
	Stongfjorden	39 min, 36 km	
	Atløy	57 min, 28 km + ferge	
	Bulandet	1 t 55min, 54 km + ferge	20 min lenger enn i dag
Eivindvik	Dalsøyra	27 min, 24 km	
	Brekke	47 min, 40 km	
	Byrknes skule	63 min, 55 km	Som i dag
Høyanger	Vadheim	25 min, 25 km	
	Bjordal	1 t 55 min, 46 km + ferge	Som i dag
	Sagatun	41 min, 44 km	
	Nesse	(18 min, 18 km)	
	Sygna vgs.	40 min, 44 km	
	Lavik	46 min, 49 km	
	Fjordtun	59 min, 64 km	
Vik	Fjordtun	59 min, 28 km + ferge	Høyanger
	Fresvik	36 min, 35 km	
	Feios	23 min, 19 km	
	Valsvik	24 min, 19 km	
Sogndal	Leikanger	22 min, 21 km	
	Fjærland	33 min, 37 km	
Lærdal	Borgund	21 min, 22 km	
Sandane	Skei	39 min, 39 km	
	Hyen	37 min, 32 km	
Eid	Davik	56 min, 29 km + ferge	
Stryn	Hornindal	26 min, 28 km	
	Oldedalen	41 min, 35 km	
	Rand	33 min, 29 km	
	Vikane, Innvik	19 min, 16 km	

Kjøp av private tenester

Det har ikkje vore vurdert å kjøpa ordinære tannhelsetenester hos private for prioriterte pasientar, då fylkeskommunen i så stor grad har eige tilbod innanfor akseptabel reiseavstand.

Spesialisttannhelsetenester til prioriterte grupper vert i større grad kjøpt hos private i distriktsonråda, då reiseveg til offentleg spesialist kan vere uakseptabel lang og det ikkje alltid finst tilstrekkeleg spesialistkapasitet i eigen organisasjon. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ikkje er ønskeleg å kjøpe ordinære tannhelsetenester hos private, då det vil gå ut over ressursane og drifta til den lokale tannklinikken.

Tilbod til betalende klientell i den offentlege tannhelsetenesta

Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Der det ikkje finst eit tilbod frå private til vaksne betalende pasientar så har fylkeskommunen ansvar for å tilby akuttbehandling (mot betaling) til pasientane som ikkje har anna tilbod tilgjengeleg. Alle dei offentlege tannklinikane som har ledig kapasitet fyller opp resterande kapasitet med å tilby tenester til vaksne betalende pasientar. Pasienttilgang er sjeldan eit problem. Fylkeskommunen informerer om sine tenester på nettsidene side, via chatbot og på venteromsskjermer. På offentlege tannklinikkar som har hatt stabil bemanning over fleire år, og som har ledig kapasitet, så kan gruppa av vaksne betalende pasientar vere større. På grunn av koronasituasjonen og kapasitetsutfordringar så har det det siste året vore mogleg å ta inn færre vaksne betalende enn normalt.

SI 14/21 Spørsmål frå Helle (A) - Dagsturhytter

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Spørsmål:

I den seinare tid har det vore fleire medieoppslag i gamle Sogn og Fjordane om mange dagsturhytter som allereie etter få års bruk har fått store skadar. Eg er kjend med at

fylkeskommunen no har sendt reklamasjon på desse. Dagsturhyttene har vore svært populære og blir no rulla ut også i gamle Hordaland.

Har fylkesrådmannen gjort tiltak for sikre at kvaliteten på desse er av ein slik standard at ein ikkje risikerer liknande reklamasjonar også her?

Svar på spørsmål:

Fylkesrådmannen har sidan medio februar arbeidd med denne saka og dette arbeidet kan oppsummerast slik:

Under synfaring på ei av dagsturhyttene den 12. februar 2021 vart det oppdaga at ytterkledningen på ei av veggane på dagsturhytta er festa til den bærande konstruksjonen utan utlekting og der tilhøyrande utlufing mellom ytterkledning og bærande konstruksjon. Etter ytterlegare undersøkingar meiner vi at denne feilen mest truleg kan førast tilbake til at arkitekten (Rojo Arkitekter AS) under sitt prosjekteringsarbeid, ikkje har teke omsyn til krav til utlufing slik dette byggeprinsippet er nedfelt i Byggteknisk forskrift, TEK17, punkt 13-12. Den manglande utlufinga medfører at fukt vert fanga mellom den bærande konstruksjonen og ytterkledningen. Det er så langt ikkje avdekkja varige skadar på hyttene som følge av den manglande utlufinga, men det er forventa at permanente råteskader kan oppstå på den bærande konstruksjonen dersom ikkje veggan det er snakk om vert lekta ut og såleis får lufting av ytterkledningen.

Under synfaringa blei det også avdekkja at amfiet på utsida av hyttene ikkje har utlekting. Dei 5 første hyttene i produksjonslinja til hyttene i kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke er bygd med utlekting, dei 21 siste i produksjonslinja manglar utlekting. Amfiet er plassert på utsida av ytterkledningen og amfiet er såleis konstant utsett for regn. På bakgrunn av dette har dette problemet ikkje påverknad på den bærande konstruksjonen. Den manglande utlektinga av amfiet har derfor berre den betydninga at ein i det lange løp må kunne forvente noko kortare levetid for materiala i amfiet før dei må bytast som ein del av periodisk vedlikehald. Utlekting av amfiet vil kunne forlengje levetida for materiala amfiet er bygd før det vert forventa vedlikehald. Dette forholdet meiner vi kan førast tilbake til at entreprenøren Reknes Byggjevarer, ikkje har bygd dei siste 21 hyttene etter konstruksjonsteikinga slik tilfellet er for dei 5 første. Det er sendt reklamasjon til både arkitekt og entreprenør.

Under anbudsprosessen for Hordalands-hyttene blei konstruksjonsteikningane endra av arkitekten og kravet til utlekting mellom bærande konstruksjon og ytterkledning blei ivaretatt. Problemet med manglande utlufing eksisterer av den grunn ikkje på Hordalands-hyttene. Det kan forøvrig også opplysast om at det under anbudsprosessen for Hordalands-hyttene blei stilt krav til valt leverandør om at denne måtte framstille ei testhytte for godkjenning av oppdragsgjevar. Dette ble gjort for å sikre at leverandøren kunne levere i samsvar til konstruksjonsteikning. Vestland fylkeskommune og Rojo Arkitekter AS gjennomførte byggteknisk gjennomgang av testhytta i Stad Kystbygg As sine lokalar medio juli 2020, for å sikre at dagsturhyttene er bygd etter endra konstruksjonsteikningar.

SI 15/21 Spørsmål frå Framnes (FrP) - Trafikksituasjon ved Herdla bru

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Spørsmål:

I e-post dagsett 27. mai 2021 tar representant Framnes (Frp) opp trafikksituasjonen ved Herdla bru i Askøy kommune. Representanten skriv:

«Herdla er et av de mest besøkte fritidsaktivitetsplasser i regionen. Her er det et stort golfmiljø, museum og flere andre tilbud.

Herdla bro er smal og har kun et kjørefelt. Dette skaper store problemer og trafikkfarlige situasjoner ved at biler som treffes på broen må rygge, da det ikke er plass til å forsere. I sommersesongen og i helgene er dette blitt et stort problem.

«Dette kan løses ved at det settes opp trafikklys regulering. Er det mulig å finne en økonomisk løsning, eksempelvis ved spleis sammen med kommunen og lokalt næringsliv? Er fylkesordfører innstilt på å finne en løsning på dette allerede før kommende turistsesong?»

Svar på spørsmål:

Vi har på fylkesveg fleire slike smale bruer med såkalla skyttelsignalanlegg, som er lyanlegg for å regulere trafikken over brua. På Selbjørn bru på Austevoll vart eit liknande anlegg nyleg sett i drift.

Det primære kriteriet for å etablere eit slikt skyttelsignalanlegg, er at vegutforminga berre gjer det mogleg å avvike trafikk i ein køyreretning om gongen. Dette er innfridd på Herdla bru. I tillegg bidreg manglande sikt frå eine enden av brua til den andre til at køyrande møtest oppe på brua og må rygge for å passere kvarandre. Forutan dette må det sikrast at den samla løysinga vert trafikkisikker for alle trafikantgrupper. For Herdla bru kan det vere ei utfordring å sikre mjuke trafikantar på ein god nok måte, når vi veit at fartsnivået vanlegvis går opp ved bruk av skyttelsignalanlegg. Det er Statens vegvesen, Vegdirektoratet, som avgjer om løysinga vi føreslår vert trygg nok til at skyttelsignalanlegg kan etablerast.

Eit slikt tiltak på Herdla bru vil truleg ha mange fellestrekk med anlegget som nyleg vart etablert på Selbjørn bru. Mellom anna må det truleg også på Herdla etablerast to fulle køyrefelt fram mot stopplinja på kvar ende av brua. Ein bør legge til grunn ei kostnadsramme på 6 til 8 mill. kr. Løysinga må prosjekterast før den ev. kan sendast til Statens vegvesen for vedtak. Det må også gjerast ein del registreringar av noverande situasjon, aller helst i liknande trafikktoppar som ein opplever ved stor utfart til Herdla. Det er ikkje realistisk å legge til grunn at eit slikt anlegg kan setjast i drift i inneverande år.

Fylkesordførar er positiv til eit spleiselag med Askøy kommune, men legg til grunn at prioritering av prosjektet må skje i samband med dei årlege budsjettprosessane.

Politiske saker

PS 99/21 Tertialrapport pr. april 2021 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

	kr 1 000
Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
Sum vegar	-41 887
Askøy vgs.	-30 000
Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000
Sum bygg	-121 100

Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
Sum finansiering	-162 987

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000

Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147
22	Forsking, kompetanse, internasj.	35 547	
51	Billettinntekter kollektiv	132 600	
		168 147	168 147

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

kr 1 000

Bompengepakkar	-195 366
Store investeringsprosjekt	-62 765
Tunnelrehabilitering	132 555
Mindre utbetringar	-83 560
Gang- og sykkelveg	28 377
Trafikktryggingstiltak	11 294
Kollektivtrafikktiltak	7 059
Miljø og servicetiltak	3 804
Planlegging	6 085
Øvrig	18 101
Skredsikring	92 529
Sum vegar	-41 887
Askøy vgs.	-30 000
Nye Førde vgs / THT Førde	60 000
Måløy vgs. - opplæringsfartøy	-30 000
Måløy vgs. -rehab. bl. A og D	-30 000
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	-20 000
Mo og Øyrane vgs - rehab./omb. internat	-5 100
Måløy vgs. - akvahall	-4 000
Nytt fylkeshus	-80 000
Tannklinikkar	5 000
Felles IT investeringar	13 000
Sum bygg	-121 100

Finansiering:	
Mva komp.	-32 987
Bompengar	-98 000
Lån	-32 000
Sum finansiering	-162 987

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet:

kr 1 000

Løyvingsniv å	Tekst	Meirutg. Mindreinnt.	Meirinnt.
1	Rammetilskot		168 147
22	Forskning, kompetanse, internasj.	35 547	
51	Billettinntekter kollektiv	132 600	
		168 147	168 147

PS 100/21 Finansrapport pr. 30.04.2021

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2021 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2021 til orientering.

PS 101/21 Godkjenning av årsrekneskap 2020

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Vestland fylkeskommune 2020 vert godkjend.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande disponering av mindreutgift 2020 på 215,8 mill. kr:

Koronatiltak

Strakstiltak opplæring	32 900 000
Fleksible kontorløyisingar/heimkontor	15 000 000
Tiltak - kultur, idrett og inkludering	10 000 000
Tiltak - innovasjon og næring	10 000 000

Andre tiltak

Avdrag	25 000 000
Vitensentra	11 050 000
Havbyen Bergen	350 000
Vestland i historia og skulen - forprosjekt	300 000
Tannhelsetenesta - tiltak kompetanseutvikling	2 000 000
Kollektivterminal - Odda	7 500 000
Stillingar for trainees	1 500 000
Breibandsutbygging	10 000 000
Søknader - kultur idrett og inkludering	10 000 000
Søknader - innovasjon og næring	10 000 000

3. Fylkestinget godkjenner at det vert oppretta eit «koronafond» på 52,1 mill. kr. Summen skal disponerast til koronarelaterte tiltak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Natalia Golis (MDG) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er kjæraste med Aslak Sverdrup, administrerande direktør ved Stiftinga Akvariet i Bergen. Golis gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Golis var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna. Golis trådde frå under behandling av saka. Vara **Mark Taylor (MDG)** stilte i Golis sin plass under behandling av saka. Det var 17 representantar til stades.

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

- (a) «Endring punkt 2:

Fleksible kontorløysingar/heimkontor vert redusert til 10 000 000
Tiltak - kultur, idrett og inkludering vert auka til 15 000 000 (midlane skal prioriterast til kulturbygg).»

- (b) «Nytt punkt

4. Fylkestinget syner til søknad frå Akvariet om tilskot. Fylkestinget løyver 500 000 i støtte til Akvariet og 500 000 til opplæring for at VGS elevar skal kunna vitja (vilkår om gratis tilgjenge for elevane ved besøk)

- (c) Nytt punkt

5. Fylkestinget syner til søknad om stønad til prosjekt frå «Guttas campus» på 1 million årleg. Fylkestinget løyver 300 000 til prosjektet i 2022. Basert på erfaringar med prosjektet i 2022 vil fylkestinget koma attende til vidare deltaking/finansiering for seinare år.

- (d) «Nytt punkt

6. Punkt 4,5 og 6 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.»

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2 Andre tiltak

Tilskot Akvariet i Bergen - formidling One Ocean kr 2 000 000
Avsetning Prosjekt Marin satsing (innovasjon og næring) kr 10 000 000»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 med Øren Heen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FRP, H, U) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Øren Heen sitt forslag (b) vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (FRP, H).

Øren Heen sine forslag (c) og (d) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Vestland fylkeskommune 2020 vert godkjend.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande disponering av mindreutgift 2020 på 215,8 mill. kr:

Koronatiltak

Strakstiltak opplæring	32 900 000
Fleksible kontorløysingar/heimkontor	10 000 000

Tiltak - kultur, idrett og inkludering	15 000 000
Tiltak - innovasjon og næring	10 000 000

Andre tiltak

Avdrag	25 000 000
Vitensentra	11 050 000
Havbyen Bergen	350 000
Vestland i historia og skulen - forprosjekt	300 000
Tannhelsetenesta - tiltak kompetanseutvikling	2 000 000
Kollektivterminal - Odda	7 500 000
Stillingar for trainees	1 500 000
Breibandsutbygging	10 000 000
Søknader - kultur idrett og inkludering	10 000 000
Søknader - innovasjon og næring	10 000 000

3. Fylkestinget godkjenner at det vert oppretta eit «koronafond» på 52,1 mill. kr. Summen skal disponerast til koronarelaterte tiltak.
4. Fylkestinget syner til søknad frå Akvariet om tilskot. Fylkestinget løyver 500 000 i støtte til Akvariet og 500 000 til opplæring for at VGS elevar skal kunna vitja (vilkår om gratis tilgjenge for elevane ved besøk).
5. Fylkestinget syner til søknad om stønad til prosjekt frå «Guttas campus» på 1 million årleg. Fylkestinget løyver 300 000 til prosjektet i 2022. Basert på erfaringar med prosjektet i 2022 vil fylkestinget koma attende til vidare deltaking/finansiering for seinare år.
6. Punkt 4,5 og 6 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

PS 102/21 Dale vgs - Kjøp av tilstøytande eigedom

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen legg inn bod på eigdommen Jarstadvegen 26, gnr 64, bnr 20 i Fjaler kommune.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje inn bod på eigdommen opp til taksert marknadsverdi, kr 750 000,-.
3. Vert fylkeskommunen sitt bod akseptert, vert kjøpesummen dekkja av investeringsbudsjettet til Egedomsavdelinga under posten «Ombygging/rehab/mindre tilbygg».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen legg inn bod på eigdommen Jarstadvegen 26, gnr 64, bnr 20 i Fjaler kommune.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje inn bod på eigdommen opp til taksert marknadsverdi, kr 750 000,-.
3. Vert fylkeskommunen sitt bod akseptert, vert kjøpesummen dekkja av investeringsbudsjettet til Egedomsavdelinga under posten «Ombygging/rehab/mindre tilbygg».

PS 103/21 Bybanen til Fyllingsdalen og mogleg forlenging til Spelhaugen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at det vert jobba vidare med framlegg til forlenging av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen, basert på premissa om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.
2. Fylkesutvalet føreset at ei forlenging av Bybanen til Spelhaugen ikkje får framdriftsmessige konsekvensar for realisering av Bybanen til Åsane.

Saksprotokoll i Hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).
Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at det vert jobba vidare med framlegg til forlenging av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen, basert på premissa om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.
2. Fylkesutvalet føreset at ei forlenging av Bybanen til Spelhaugen ikkje får framdriftsmessige konsekvensar for realisering av Bybanen til Åsane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (FRP, FNB, U)
Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 7 røyster (FRP, H, U, FNB)

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at det vert jobba vidare med framlegg til forlenging av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen, basert på premissa om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.
2. Fylkesutvalet føreset at ei forlenging av Bybanen til Spelhaugen ikkje får framdriftsmessige konsekvensar for realisering av Bybanen til Åsane.

PS 104/21 Miljøløftet, handlingsprogram for perioden 2022-2025

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2022 - 2025 slik det ligg føre.
2. Fylkestinget peiker på at det i liten grad er lagt inn investeringar i infrastrukturen til busstilbodet mot slutten av handlingsprogramperioden (2024 og 2025). Det er viktig at infrastrukturen til busstilbodet sikrar god framkomst, nok kapasitet, konkurransekraft og gode høve for drift. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å arbeide målretta for å løfte fram gode bussprosjekt og at dei prioriterer dette i komande planprogram.
3. Fylkestinget meiner at framtidige handlingsprogram må vere bygd opp etter satsingsområda slik det vart semje om i byvekstavtalen. Satsingsområda i byvekstavtalen er gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvennleg teknologi og innovasjon, og dette må handlingsprogramma reflektere tydeleg.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.

5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.

6. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.

7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøløftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøløftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag punkt 4 og 6 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Hammer sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Hammer sitt forslag punkt 7 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2022 - 2025 slik det ligg føre.

2. Fylkestinget peiker på at det i liten grad er lagt inn investeringar i infrastrukturen til busstilbodet mot slutten av handlingsprogramperioden (2024 og 2025). Det er viktig at infrastrukturen til busstilbodet sikrar god framkomst, nok kapasitet, konkurransekraft og gode høve for drift. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å arbeide målretta for å løfte fram gode bussprosjekt og at dei prioriterer dette i komande planprogram.

3. Fylkestinget meiner at framtidige handlingsprogram må vere bygd opp etter satsingsområda slik det vart semje om i byvekstavtalen. Satsingsområda i byvekstavtalen er gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvennleg teknologi og innovasjon, og dette må handlingsprogramma reflektere tydeleg.

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.

5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.

6. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.

7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøløftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøløftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 4-6 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (H, FRP, U).

Innstillinga punkt 7 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (FRP, U).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2022 - 2025 slik det ligg føre.
2. Fylkestinget peiker på at det i liten grad er lagt inn investeringar i infrastrukturen til busstilbodet mot slutten av handlingsprogramperioden (2024 og 2025). Det er viktig at infrastrukturen til busstilbodet sikrar god framkomst, nok kapasitet, konkurransekraft og gode høve for drift. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å arbeide målretta for å løfte fram gode bussprosjekt og at dei prioriterer dette i komande planprogram.
3. Fylkestinget meiner at framtidige handlingsprogram må vere bygd opp etter satsingsområda slik det vart semje om i byvekstavtalen. Satsingsområda i byvekstavtalen er gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvennleg teknologi og innovasjon, og dette må handlingsprogramma reflektere tydeleg.
4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.
7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøløftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøløftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.

PS 105/21 Bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til at det er behov for å avklåra premissane for bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet fram mot handlingsprogram 2023-2026 og fram mot ei eventuell reforhandling av byvekstavtalen.
2. Fylkestinget ber om at det ved neste reforhandling av byvekstavtalen vert sett av eigne bidrag frå alle partane til å finansiera fellesfunksjonar.
3. Fylkestinget sluttar seg til at det ikkje er behov for ei geografisk omfordeling av fylkeskommunale midlar til investeringstiltak innanfor Miljøløftet. Investeringsmidlane skal framleis nyttast i Bergen.
4. Fylkestinget viser til at det er eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av fylkesvegnettet og sluttar seg til at potten *Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter* vert auka til 50 mill. (2021-kr) årleg. Midlane skal kunne nyttast i heile avtaleområdet.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til at det er behov for å avklåra premissane for bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet fram mot handlingsprogram 2023-2026 og fram mot ei eventuell reforhandling av byvekstavtalen.
2. Fylkestinget ber om at det ved neste reforhandling av byvekstavtalen vert sett av eigne bidrag frå alle partane til å finansiera fellesfunksjonar.
3. Fylkestinget sluttar seg til at det ikkje er behov for ei geografisk omfordeling av fylkeskommunale midlar til investeringstiltak innanfor Miljøløftet. Investeringsmidlane skal framleis nyttast i Bergen.
4. Fylkestinget viser til at det er eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av fylkesvegnettet og sluttar seg til at potten *Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter* vert auka til 50 mill. (2021-kr) årleg. Midlane skal kunne nyttast i heile avtaleområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til at det er behov for å avklåra premissane for bruk av dei fylkeskommunale midlane i Miljøløftet fram mot handlingsprogram 2023-2026 og fram mot ei eventuell reforhandling av byvekstavtalen.
2. Fylkestinget ber om at det ved neste reforhandling av byvekstavtalen vert sett av eigne bidrag frå alle partane til å finansiera fellesfunksjonar.
3. Fylkestinget sluttar seg til at det ikkje er behov for ei geografisk omfordeling av fylkeskommunale midlar til investeringstiltak innanfor Miljøløftet. Investeringsmidlane skal framleis nyttast i Bergen.
4. Fylkestinget viser til at det er eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av fylkesvegnettet og sluttar seg til at potten *Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter* vert auka til 50 mill. (2021-kr) årleg. Midlane skal kunne nyttast i heile avtaleområdet.

PS 106/21 Regional transportplan 2022 - 2033 - Høyringsutkast

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sender med dette utkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, MDG, SP og SV fram slikt forslag:

4.1.3.2 siste avsnitt, siste setning, nytt forslag:

«Fordi den nasjonale skredsikringsmodellen skil lite mellom dei høgt og lågt trafikkerte skredutsette vegane i Vestland, har administrasjonen laga ein modell som vektar ÅDT og skredfare høgre. Både denne og ordiner liste etter nasjonal skredsikringsfaktor, supplert med liste for ÅDT på det enkelte prosjekt, ligg som kunnskapsgrunnlag for prioritering.»

Under pkt 2 Hovudmål, Bærekraftig: Tillegg under 1. avsnitt:

«For alle plantema skal det sikrast at omsynet til mennesker med nedsett funksjonsevne eller andre utfordringar, vert ivareteke ved utforming av tilbod, nye anlegg eller vedlikehald av eldre anlegg, slik at sosial berekraft blir reell.»

Nytt punkt:

«Gjennom "Barnas Transportplan" skal ein ha særleg merksemd for born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet.»

Strategiar for mobilitet og kollektivtransport, fleksibelt skysstilbod:

«Vestland skal ha eit differensiert kollektivtilbod som er basert på stadeigne behov og skal vidareføre og vidareutvikle det fleksible skyss- tilbodet.»

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, Krf, MDG og SV fram slikt forslag:

4.1.4 Strategier for fylkesvegnettet - i stedet for kulepunkt 8:

«Ved prioritering og utbedring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggst til grunn, samt tilleggsmoment som ådt, lokale og regionale verknader av stengt veg,, geologiske vurderingar og frekvens på skred.»

4..2.4 Strategier for mobilitet og kollektivtransport

«Vestland skal vere ein pådrivar for å vidareutvikle eit godt regionalt flyrutetilbod for fylket, som også bygger opp under Flesland som knutepunkt nasjonalt og internasjonalt. Vestland må ha som ambisjon om å få etablere pilot for utprøving av el-fly.»

Mona Høgli (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, Krf og SV fram slik forslag:

Pkt. 4.1.1 Vektlegge natur i vegbygging, endring kulepunkt 3:

«Fylkesvegnettet skal planleggast, byggast, driftast og forvaltast på ein framtidretta måte som tar omsyn til klima, miljø og natur.»

Pkt. 4.1.4, nytt underpunkt:

«Legge vekt på omsynet til naturen i arealplanlegging og bygging av vegprosjekt.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sine forslag vart samrøystes vedteke.

Følling sine forslag vart samrøystes vedteke.

Høgli sine forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sender med dette utkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet.

2. Det vert innarbeidd følgjande endringar:

4.1.3.2 siste avsnitt, siste setning, nytt forslag:

«Fordi den nasjonale skredsikringsmodellen skil lite mellom dei høgt og lågt trafikkerte skredutsette vegane i Vestland, har administrasjonen laga ein modell som vektar ÅDT og skredfare høgre. Både denne og ordiner liste etter nasjonal skredsikringsfaktor, supplert med liste for ÅDT på det enkelte prosjekt, ligg som kunnskapsgrunnlag for prioritering.»

Under pkt 2 Hovudmål, Bærekraftig: Tillegg under 1. avsnitt:

«For alle plantema skal det sikrast at omsynet til mennesker med nedsett funksjonsevne eller andre utfordringar, vert ivareteke ved utforming av tilbod, nye anlegg eller vedlikehald av eldre anlegg, slik at sosial berekraft blir reell.»

Nytt punkt:

«Gjennom "Barnas Transportplan" skal ein ha særleg merksemd for born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet.»

Strategiar for mobilitet og kollektivtransport, fleksibelt skysstilbod:

«Vestland skal ha eit differensiert kollektivtilbod som er basert på stadeigne behov og skal vidareføre og vidareutvikle det fleksible skyss- tilbodet.»

4.1.4 Strategier for fylkesvegnettet - i stedet for kulepunkt 8:

«Ved prioritering og utbedring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggst til grunn, samt tilleggsmoment som ådt, lokale og regionale verknader av stengt veg,, geologiske vurderingar og frekvens på skred.»

4.2.4 Strategier for mobilitet og kollektivtransport

«Vestland skal vere ein pådrivar for å vidareutvikle eit godt regionalt flyrutetilbod for fylket, som også bygger opp under Flesland som knutepunkt nasjonalt og internasjonalt. Vestland må ha som ambisjon om å få etablere pilot for utprøving av el-fly.»

Pkt. 4.1.1 Vektlegge natur i vegbygging, endring kulepunkt 3:

«Fylkesvegnettet skal planleggast, byggast, driftast og forvaltast på ein framtidretta måte som tar omsyn til klima, miljø og natur.»

Pkt. 4.1.4, nytt underpunkt:

«Legge vekt på omsynet til naturen i arealplanlegging og bygging av vegprosjekt.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Tiltak knytt mot "Barnas transportplan" i NTP skal prioritere born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet i RTP.»

Avrøysting

Innstillinga unnateke punkt 4.2.4 vart samrøystes vedteke.
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga punkt 4.2.4 vart vedteke mot 2 røyster (U, FNB).

Vedtak

1. Fylkesutvalet sender med dette utkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet.

2. Det vert innarbeidd følgjande endringar:

4.1.3.2 siste avsnitt, siste setning, nytt forslag:

«Fordi den nasjonale skredsikringsmodellen skil lite mellom dei høgt og lågt trafikkerte skredutsette vegane i Vestland, har administrasjonen laga ein modell som vektar ÅDT og skredfare høgre. Både denne og ordiner liste etter nasjonal skredsikringsfaktor, supplert med liste for ÅDT på det enkelte prosjekt, ligg som kunnskapsgrunnlag for prioritering.»

Under pkt 2 Hovudmål, Bærekraftig: Tillegg under 1. avsnitt:

«For alle plantema skal det sikrast at omsynet til mennesker med nedsett funksjonsevne eller andre utfordringar, vert ivareteke ved utforming av tilbod, nye anlegg eller vedlikehald av eldre anlegg, slik at sosial berekraft blir reell.»

Nytt punkt:

«Gjennom "Barnas Transportplan" skal ein ha særleg merksemd for born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet.»

Strategiar for mobilitet og kollektivtransport, fleksibelt skysstilbod:

«Vestland skal ha eit differensiert kollektivtilbod som er basert på stadeigne behov og skal vidareføre og vidareutvikle det fleksible skyss- tilbodet.»

4.1.4 Strategier for fylkesvegnettet - i stedet for kulepunkt 8:

«Ved prioritering og utbedring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggst til grunn, samt tilleggsmoment som ådt, lokale og regionale verknader av stengt veg,, geologiske vurderingar og frekvens på skred.»

4.2.4 Strategier for mobilitet og kollektivtransport

«Vestland skal vere ein pådrivar for å vidareutvikle eit godt regionalt flyrutetilbod for fylket, som også bygger opp under Flesland som knutepunkt nasjonalt og internasjonalt. Vestland må ha som ambisjon om å få etablere pilot for utprøving av el-fly.»

«Tiltak knytt mot "Barnas transportplan" i NTP skal prioritere born og unge sine behov for tilgjengeleg og trygg mobilitet i RTP.»

Pkt. 4.1.1 Vektlegge natur i vegbygging, endring kulepunkt 3:

«Fylkesvegnettet skal planleggast, byggast, driftast og forvaltast på ein framtidretta måte som tar omsyn til klima, miljø og natur.»

Pkt. 4.1.4, nytt underpunkt:

«Legge vekt på omsynet til naturen i arealplanlegging og bygging av vegprosjekt.»

PS 107/21 Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, og tilrådingar om omlegging av bussnettet i samband med ny E39 Svevatjørn-Rådal og ny bybanelinje til Fyllingsdalen.

2. Tiltak knytt til regionstamlinje for sørkorridoren frå 2022, og vidare oppfølging av Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, vert finansiert med belønningmidlar gjennom Byvekstavtalen og prioriteringar i årlege budsjettprosessar.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet merker seg at det har vore korte svarfristar og at innbyggjarane har hatt kort tid til å komme med innspel til omlegging. I framtidige trafikkomleggingar må Skyss i større grad involvere nærmiljøa, nærmiljøorganisasjonar og andre i arbeidet med trafikklplanen, og utvalet ber om eit notat om prinsipp for korleis involvering skjer ved større trafikkomleggingar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, og tilrådingar om omlegging av bussnettet i samband med ny E39 Sveгатjörn-Rådal og ny bybanelinje til Fyllingsdalen.
2. Tiltak knytt til regionstamlinje for sørkorridoren frå 2022, og vidare oppfølging av Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, vert finansiert med belønningssmidlar gjennom Byvekstavtalen og prioriteringar i årlege budsjettprosessar.
3. Fylkesutvalet merker seg at det har vore korte svarfristar og at innbyggjarane har hatt kort tid til å komme med innspel til omlegging. I framtidige trafikkomleggingar må Skyss i større grad involvere nærmiljøa, nærmiljøorganisasjonar og andre i arbeidet med trafikkplanen, og utvalet ber om eit notat om prinsipp for korleis involvering skjer ved større trafikkomleggingar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, AP, MDG, SP, V, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg - Nytt punkt 4

I den vidare detaljplanlegginga bes SKYSS involvere aktuelle aktørar, slik som nærmiljøorganisasjonar, for å sikre ein god dialog og best mogleg tilbod for innbyggjarane som vert berørt av planen»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, FRP)

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, og tilrådingar om omlegging av bussnettet i samband med ny E39 Sveгатjörn-Rådal og ny bybanelinje til Fyllingsdalen.
2. Tiltak knytt til regionstamlinje for sørkorridoren frå 2022, og vidare oppfølging av Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, vert finansiert med belønningssmidlar gjennom Byvekstavtalen og prioriteringar i årlege budsjettprosessar.
3. Fylkesutvalet merker seg at det har vore korte svarfristar og at innbyggjarane har hatt kort tid til å komme med innspel til omlegging. I framtidige trafikkomleggingar må Skyss i større grad involvere nærmiljøa, nærmiljøorganisasjonar og andre i arbeidet med trafikkplanen, og utvalet ber om eit notat om prinsipp for korleis involvering skjer ved større trafikkomleggingar.
4. I den vidare detaljplanlegginga bes SKYSS involvere aktuelle aktørar, slik som nærmiljøorganisasjonar, for å sikre ein god dialog og best mogleg tilbod for innbyggjarane som vert berørt av planen.

PS 108/21 Prosjektstatus og konkurranseførebuing Framtidas hurtigbåt del II

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderingane frå prosjektet Framtidas hurtigbåt del II om å førebu og kunngjere konkurransegrunnlag basert på vurderingar som framgår av vedlagte rapport datert 10.05.21.
2. Fylkesrådmannen vert beden om at det vert lagt fram ny sak om prosjektets eigarskapsstruktur og risikomodelle før kunngjering av konkurranse for sikkert design.
3. Fylkesutvalet støttar at Vestland fylkeskommune tek ansvaret for sikkert design/hydrogenløpet i prosjektet, med ein føresetnad at det vert lagt fram ein akseptabel modell for deling av ansvar og risiko i sak som nemnt i vedtakspunkt 2.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderingane frå prosjektet Framtidas hurtigbåt del II om å førebu og kunngjere konkurransegrunnlag basert på vurderingar som framgår av vedlagte rapport datert 10.05.21.
2. Fylkesrådmannen vert beden om at det vert lagt fram ny sak om prosjektets eigarskapsstruktur og risikomodell før kunngjering av konkurranse for sikkert design.
3. Fylkesutvalet støttar at Vestland fylkeskommune tek ansvaret for sikkert design/hydrogenløpet i prosjektet, med ein føresetnad at det vert lagt fram ein akseptabel modell for deling av ansvar og risiko i sak som nemnt i vedtakspunkt 2.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderingane frå prosjektet Framtidas hurtigbåt del II om å førebu og kunngjere konkurransegrunnlag basert på vurderingar som framgår av vedlagte rapport datert 10.05.21.
2. Fylkesrådmannen vert beden om at det vert lagt fram ny sak om prosjektets eigarskapsstruktur og risikomodell før kunngjering av konkurranse for sikkert design.
3. Fylkesutvalet støttar at Vestland fylkeskommune tek ansvaret for sikkert design/hydrogenløpet i prosjektet, med ein føresetnad at det vert lagt fram ein akseptabel modell for deling av ansvar og risiko i sak som nemnt i vedtakspunkt 2.

PS 109/21 Godsbåt Bergen - Gulen, Solund, Hyllestad og Askvoll

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at godsbåtruta mellom Bergen og Gulen, Solund, Hyllestad og Askvoll vert vidareført med inntil 3 rundturar pr veke. Kjøp av godsbåttenesta skal vere innanfor gjeldande budsjettrammer.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at godsbåtruta mellom Bergen og Gulen, Solund, Hyllestad og Askvoll vert vidareført med inntil 3 rundturar pr veke. Kjøp av godsbåttenesta skal vere innanfor gjeldande budsjettrammer.

PS 110/21 Vedtak av "Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033"

Forslag til innstilling/vedtak

1. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» med dei endringar som kjem fram i saka.
2. Fylkestinget ber om at følgjande temaplanar vert utarbeidd i perioden:
 - Temaplan reiseliv
 - Temaplan landbruk, inkludert jordvern
 - Temaplan breiband og digitalisering
 - Temaplan forskning
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i plandokumentet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eiga sak om handlingsprogram 2022-2025 til fylkestinget som vidare oppfølging av planen

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, MDG, SV, V og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1.a. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:

- eit nytt kulepunkt i sentrale føringar på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»

- I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningslinjer» til «sentrale føringar» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringar» i heile planen.

b. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.»

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, UA, MDG, Sp, SV, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengelig næringskompetanse i alle delar av fylket.»

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Tillegg pkt. 2, 4. kulepunkt:

* Temaplan forskning, med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling.

Tilleggspunkt:

5. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-pandemien. Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møte dei utfordringar pandemien har avdekkja, til dømes innafor smittevern.

6. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltakar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.

7. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkestinget vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (UA, Frp, Sp).

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. a. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:

- eit nytt kulepunkt i sentrale føringar på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»

- I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningslinjer» til «sentrale føringar» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringar» i heile planen.

b. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.

2. Fylkestinget ber om at følgjande temaplanar vert utarbeidd i perioden:
 - Temaplan reiseliv
 - Temaplan landbruk, inkludert jordvern
 - Temaplan breiband og digitalisering
 - Temaplan forskning, med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i plandokumentet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eiga sak om handlingsprogram 2022-2025 til fylkestinget som vidare oppfølging av planen
5. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-pandemien. Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møte dei utfordringar pandemien har avdekka, til dømes innafør smittevern.
6. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltakar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.
7. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.
8. Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengeleg næringskompetanse i alle delar av fylket.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2 kulepunkt 4

Temaplan forskning, blant anna med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slik forslag:

«Alternativ punkt 1

Fylkestinget i Vestland vedtek "Bærekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033" med dei endringar som kjem fram i saka og i punkta under.»

Avrøysting

Søviknes fekk 4 røyster (FNB, U, FRP) og fall.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling punkt 2 med Distad sitt alternative forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3-8 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. a. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:

- eit nytt kulepunkt i sentrale føringar på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»

- I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningslinjer» til «sentrale føringar» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringar» i heile planen.

b. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.

2. Fylkestinget ber om at følgjande temaplanar vert utarbeidd i perioden:
 - Temaplan reiseliv
 - Temaplan landbruk, inkludert jordvern
 - Temaplan breiband og digitalisering
 - Temaplan forskning, blant anna med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i plandokumentet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eiga sak om handlingsprogram 2022-2025 til fylkestinget som vidare oppfølging av planen
5. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-pandemien. Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møte dei utfordringar pandemien har avdekka, til dømes innafør smittevern.
6. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltakar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.
7. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.
8. Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengeleg næringskompetanse i alle delar av fylket.

PS 111/21 Om deltaking i Mineralrådet Vestland og fylkeskommunen sitt arbeid med saksfeltet mineralressursar og mineralnæring

Forslag til innstilling

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid vert vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering. Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Torbjørn Vereide (A) sette på vegner av A, UA, Frp, H, Sp, Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtektene. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.»

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid vert vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering for eit mineralråd for heile Vestland fylke.

Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunar om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.

Fylkestinget presiserer at ei berekraftig utnytting av mineral føreset full utnytting av alle ressursane, inkludert restmassar, utan deponering av gruveavfall i sjø og utan fjelltoppkapping. Fylkeskommunen sitt administrativt samarbeid med kommunane vert difor avgrensa til næringsutvikling som fremjar slik drift.

2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til, med føresetnaden at mineralrådet avgrensar sin aktivitet til næringsutvikling utan fjelltoppkapping, utan deponering av gruveavfall i sjø og med full utnytting av ressursane.»

Avrøysting

Taylor sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkestinget fekk 3 røyster (MDG, SV, V) og fall.

Vereide sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (MDG, SV, V).

Innstilling til fylkestinget

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtektene. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.

2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.

3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG, V fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Eventuell politisk deltaking i eit mineral-samarbeid vert vurdert på nytt dersom det kjem opp ei anna organisering. Fylkeskommunen kan likevel ha eit administrativt samarbeid med kommunane om næringsutvikling knytt til berekraftig utnytting av mineral, slik som ein elles arbeider med næringsutvikling.

2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.

3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.

Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (SV, MDG, V).

Innstilling til fylkestinget

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtektene. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.

2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løyvde til.

3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.

PS 112/21 Regionalt forskingsfond Vestland - Årsrapport for 2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2020 for Regionalt forskingsfond Vestland.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkestinget vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2020 for Regionalt forskingsfond Vestland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Marthe Hammer (SV) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi Hammer sin sambuar og sambuaren sin bedrift er mottakar av midlar frå regionalt forskingsfond og deira prosjekt er omtalt i årsrapporten. Hammer gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hammer ikkje var inhabil. Hammer tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2020 for Regionalt forskingsfond Vestland.

PS 113/21 Ytre Steinsund bru - godkjenning av byggestart

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru i Solund kommune
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 812 mill. 2021-kr.
3. Auken i kostnadsramma, 37 mill. kr, vert lagt inn i investeringsbudsjettet i 2024 og finansiert med meirverdiavgiftskompensasjon og auka låneopptak.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru i Solund kommune
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 812 mill. 2021-kr.
3. Auken i kostnadsramma, 37 mill. kr, vert lagt inn i investeringsbudsjettet i 2024 og finansiert med meirverdiavgiftskompensasjon og auka låneopptak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru i Solund kommune

2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 812 mill. 2021-kr.

3. Auken i kostnadsramma, 37 mill. kr, vert lagt inn i investeringsbudsjettet i 2024 og finansiert med meirverdiavgiftskompensasjon og auka låneopptak.

PS 114/21 Seriositetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak

Forslag til innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i INV sine kontraktar seinast hausten 2021.
2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

Saksprotokoll i Hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, Sp og KrF fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert sendt tilbake til administrasjonen og framlagt for alle utvala til etter sommaren for endeleg handsaming i fylkestinget i september. Til denne handsaminga er det ønskeleg å få ein oppdatert oversikt over vedlegg 2 frå 2018. Vedlegg 2 er ein exceloversikt som viser korleis dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv er innarbeida i dei ulike avdelingane i Vestland.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen og framlagt for alle utvala til etter sommaren for endeleg handsaming i fylkestinget i september. Til denne handsaminga er det ønskeleg å få ein oppdatert oversikt over vedlegg 2 frå 2018. Vedlegg 2 er ein exceloversikt som viser korleis dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv er innarbeida i dei ulike avdelingane i Vestland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett»

Avrøysting til utsetjing:

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 115/21 Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes, tunnel og vegutbedring - godkjenning av byggestart

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes i Kvinnherad kommune.
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 497 mill. 2021-kr.

3. Under føresetnad om semje med entreprenør om målpris får fylkesrådmannen fullmakt til å inngå samspelskontrakt med entreprenør.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes i Kvinnherad kommune.
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 497 mill. 2021-kr.
3. Under føresetnad om semje med entreprenør om målpris får fylkesrådmannen fullmakt til å inngå samspelskontrakt med entreprenør.

PS 116/21 Austevollpakke - Mogleg spleiselag mellom fylkeskommunen og Austevoll kommune

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget er positiv til ei Austevollpakke som eit spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen, og rår til å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om innretting, prosjektportefølje og økonomiske rammer.
2. Finansiering av ei Austevollpakke vil bli vurdert i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget er positiv til ei Austevollpakke som eit spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen, og rår til å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om innretting, prosjektportefølje og økonomiske rammer.
2. Finansiering av ei Austevollpakke vil bli vurdert i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

PS 117/21 Kulturkort for ungdom i Vestland

Forslag til innstilling

Fylkestinget finn ikkje økonomisk rom for å setje i verk tiltaket Kulturkort for ungdom.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget erkjenner utfordringa med at for få born og unge gjer seg nytte av kulturtilboda som eksisterer i heile Vestland fylke. Dette gjeld særleg born og unge som

kanskje aller mest hadde hatt nytte av vakre og rike kulturopplevingar. Barrierane for deltaking er mange. Økonomi er alltid ei sentral barriere, men også kjensla av manglande relevans, kjennskap og nærleik kan vera slike. Det er ei politisk oppgåve og ei oppgåve for kulturinstitusjonane å senka terskelen for deltaking for barn og unge. Difor er det riktig og viktig at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak som bidreg til publikumsutvikling retta mot born og unge.

2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.

3. Mål og strategi for å senka terskelen til deltaking for born og unge i kultur og idrett vert teke med i arbeidet med ein ny regional plan for kultur, idrett og integrering.»

Avrøysting

Strømmen sitt forslag vart vedteke med 11 røyster mot 4 røyster (H, Frp og Pp) for innstillinga.

Innstilling

1. Fylkestinget erkjenner utfordringa med at for få born og unge gjer seg nytte av kulturtilboda som eksisterer i heile Vestland fylke. Dette gjeld særleg born og unge som kanskje aller mest hadde hatt nytte av vakre og rike kulturopplevingar. Barrierane for deltaking er mange. Økonomi er alltid ei sentral barriere, men også kjensla av manglande relevans, kjennskap og nærleik kan vera slike. Det er ei politisk oppgåve og ei oppgåve for kulturinstitusjonane å senka terskelen for deltaking for barn og unge. Difor er det riktig og viktig at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak som bidreg til publikumsutvikling retta mot born og unge.

2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.

3. Mål og strategi for å senka terskelen til deltaking for born og unge i kultur og idrett vert teke med i arbeidet med ein ny regional plan for kultur, idrett og integrering

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget finn ikkje økonomisk rom for å setje i verk tiltaket Kulturkort for ungdom».

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (FRP, H, FNB) for Søviknes sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget erkjenner utfordringa med at for få born og unge gjer seg nytte av kulturtilboda som eksisterer i heile Vestland fylke. Dette gjeld særleg born og unge som kanskje aller mest hadde hatt nytte av vakre og rike kulturopplevingar. Barrierane for deltaking er mange. Økonomi er alltid ei sentral barriere, men også kjensla av manglande relevans, kjennskap og nærleik kan vera slike. Det er ei politisk oppgåve og ei oppgåve for kulturinstitusjonane å senka terskelen for deltaking for barn og unge. Difor er det riktig og viktig at Vestland fylkeskommune gjennomfører tiltak som bidreg til publikumsutvikling retta mot born og unge.

2. Fylkestinget meiner at eit kulturkort for unge kan bidra til at fleire born og unge deltek i kulturlivet. Kostnaden for eit effektivt kulturkort er likevel høg, og fylkestinget meiner difor at ein bør sjå på andre tiltak som kan få same eller høgare effekt til ein lågare kostnad. Eit slikt tiltak kan vera ein kulturrabatt for unge, slik ein har i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får i oppgåve å arbeida vidare med korleis terskelen for deltaking i kulturlivet for barn og unge kan senkast.

3. Mål og strategi for å senka terskelen til deltaking for born og unge i kultur og idrett vert teke med i arbeidet med ein ny regional plan for kultur, idrett og integrering

PS 118/21 Busetjing av flyktingar i Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om busetjing av flyktingar i Vestland i 2020 til vitande

2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare busetjingsarbeidet nytte det handlingsrommet som ligg i å tolke og tilpasse dei nasjonale kriteria til situasjonen i Vestland, og sjå busetjing i samanheng med:

- Nærleik til dei tilboda fylkeskommunen sjølv har hand om innan opplæring/utdanning, og relevante samarbeidstiltak mellom fylkeskommunen og kommunane.
- Eit variert, aktivt og inkluderande næringsliv.
- Interesse for og ønskje om lokalt samarbeid mellom ulike samfunnssektorar og nivå for å målrette opplæring og sikre tilgang til varig arbeid.
- Tilgang til høveleg husvære og nærleik til tenestetilbod som barnehage, skule, butikk, kollektivtilbod, m.m.
- Eit variert kultur- og idrettsliv og frivilligheit med evne og vilje til å ta imot nye medlemmer/deltakarar, og som kan bidra til integrering i lokalsamfunnet.

3. Vestland fylkeskommune har ut frå dette ikkje innspel no til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktingar i kommunane. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykningar og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.

4. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å avgjere fordelinga av busetjing av flyktingar til kommunane i Vestland fylke.

5. Fylkesutvalet ber om årleg oppdatering frå arbeidet med busetjing i Vestland.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om busetjing av flyktingar i Vestland i 2020 til vitande

2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare busetjingsarbeidet nytte det handlingsrommet som ligg i å tolke og tilpasse dei nasjonale kriteria til situasjonen i Vestland, og sjå busetjing i samanheng med:

- Nærleik til dei tilboda fylkeskommunen sjølv har hand om innan opplæring/utdanning, og relevante samarbeidstiltak mellom fylkeskommunen og kommunane.
- Eit variert, aktivt og inkluderande næringsliv.
- Interesse for og ønskje om lokalt samarbeid mellom ulike samfunnssektorar og nivå for å målrette opplæring og sikre tilgang til varig arbeid.
- Tilgang til høveleg husvære og nærleik til tenestetilbod som barnehage, skule, butikk, kollektivtilbod, m.m.
- Eit variert kultur- og idrettsliv og frivilligheit med evne og vilje til å ta imot nye medlemmer/deltakarar, og som kan bidra til integrering i lokalsamfunnet.

3. Vestland fylkeskommune har ut frå dette ikkje innspel no til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.
4. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å avgjere fordelinga av busetjing av flyktningar til kommunane i Vestland fylke.
5. Fylkesutvalet ber om årleg oppdatering frå arbeidet med busetjing i Vestland

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

Vestland fylkeskommune har følgjande innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane: Det er fleire kommunar som sjølv med lite folketal kan vise til gode erfaringar på bosetting og inkludering i lokalmiljøet. Ein bør derfor ikkje utelukke kommunar ut frå folketal. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga punkt 3. Innstillinga punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (FRP, H, FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orientering om busetjing av flyktningar i Vestland i 2020 til vitande.
2. Vestland fylkeskommune vil i det vidare busetjingsarbeidet nytte det handlingsrommet som ligg i å tolke og tilpasse dei nasjonale kriteria til situasjonen i Vestland, og sjå busetjing i samheng med:
 - Nærleik til dei tilboda fylkeskommunen sjølv har hand om innan opplæring/utdanning, og relevante samarbeidstiltak mellom fylkeskommunen og kommunane.
 - Eit variert, aktivt og inkluderande næringsliv.
 - Interesse for og ønskje om lokalt samarbeid mellom ulike samfunnssektorar og nivå for å målrette opplæring og sikre tilgang til varig arbeid.
 - Tilgang til høveleg husvære og nærleik til tenestetilbod som barnehage, skule, butikk, kollektivtilbod, m.m.
 - Eit variert kultur- og idrettsliv og frivilligheit med evne og vilje til å ta imot nye medlemmer/deltakarar, og som kan bidra til integrering i lokalsamfunnet.
3. Vestland fylkeskommune har følgjande innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing av flyktningar i kommunane: Det er fleire kommunar som sjølv med lite folketal kan vise til gode erfaringar på bosetting og inkludering i lokalmiljøet. Ein bør derfor ikkje utelukke kommunar ut frå folketal. Gjennom at fylkeskommunane frå 2022 er sikra plass i "Nasjonalt utvalg for bosetting av flykninger og etablering og nedlegging av omsorgssentra" vil dei fylkeskommunale erfaringane og synspunkta bli løfta inn i dei nasjonale drøftingane rundt nasjonale kriterier og behov for busetjingsplassar.
4. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at fylkeskommunen på sikt får ansvaret for å avgjere fordelinga av busetjing av flyktningar til kommunane i Vestland fylke.
5. Fylkestinget ber om årleg oppdatering frå arbeidet med busetjing i Vestland.

PS 119/21 Vestland som antirasistisk sone - status/oppsummering for fylkeskommunen

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget tek orientering om det interne arbeidet med Vestland som antirasistisk sone til vitande.
2. Fylkestinget legg til grunn at dette er eit vedvarande og langsiktig arbeid som utfordrar fylkeskommunen sine ulike roller, og der alle deler av organisasjonen er like viktige, og bidrar til Vestland som antirasistisk sone.
3. Fylkestinget utfordrar hovudutvala til framleis å ha fokus på det antirasistiske arbeidet i sin aktivitet.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå tiltaka som del av aktivitetsplikt og plikt til rapportering som likestillings- og diskrimineringslova gir føringar for. Rapportering til fylkestinget skjer gjennom årsrapporten framover.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Symphorien Pombe (SV) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland kommune må se til forskningsrapporten på strukturell rasisme i Bergen og utrede og gjennomføre tiltak som gjenkjenner og erkjenner rasisme i eget fylke og særleg i egen organisasjon, også inkludert våre videregående skoler.»

Avrøysting

Innstillinga med Pombe sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Innstilling

1. Fylkestinget tek orientering om det interne arbeidet med Vestland som antirasistisk sone til vitande.
2. Fylkestinget legg til grunn at dette er eit vedvarande og langsiktig arbeid som utfordrar fylkeskommunen sine ulike roller, og der alle deler av organisasjonen er like viktige, og bidrar til Vestland som antirasistisk sone.
3. Fylkestinget utfordrar hovudutvala til framleis å ha fokus på det antirasistiske arbeidet i sin aktivitet.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå tiltaka som del av aktivitetsplikt og plikt til rapportering som likestillings- og diskrimineringslova gir føringar for. Rapportering til fylkestinget skjer gjennom årsrapporten framover
5. Vestland fylkeskommune må sjå til forskningsrapporten på strukturell rasisme i Bergen og greie ut og gjennomføre tiltak som gjenkjenner og erkjenner rasisme i eige fylke og særleg i eigen organisasjon, også inkludert våre vidaregåande skuler.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orientering om det interne arbeidet med Vestland som antirasistisk sone til vitande.

2. Fylkestinget legg til grunn at dette er eit vedvarande og langsiktig arbeid som utfordrar fylkeskommunen sine ulike roller, og der alle deler av organisasjonen er like viktige, og bidrar til Vestland som antirasistisk sone.

3. Fylkestinget utfordrar hovudutvala til framleis å ha fokus på det antirasistiske arbeidet i sin aktivitet.

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå tiltaka som del av aktivitetsplikt og plikt til rapportering som likestillings- og diskrimineringslova gir føringar for. Rapportering til fylkestinget skjer gjennom årsrapporten framover

5. Vestland fylkeskommune må sjå til forskingsrapporten på strukturell rasisme i Bergen og greie ut og gjennomføre tiltak som gjenkjenner og erkjenner rasisme i eige fylke og særleg i eigen organisasjon, også inkludert våre vidaregåande skuler.

PS 120/21 Verdsarvstaden Bryggen. Forvaltningsplan 2021-2025

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Kjell Håland (A) og **June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. Håland og Indrevik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland og Indrevik ikkje var inhabil. Håland og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Knut Inge Andersen (FNB) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i Verdsarvrådet for Bryggen. Andersen har møtt ein gong i rådet. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Andersen ikkje var inhabil. Andersen tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.

PS 121/21 Medlemskap i nettverket IAKS

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune melder seg inn den internasjonale foreininga International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic).
2. Fylkesrådmannen får ansvar for innmeldingsprosessen og oppfølging av medlemskapet.

Utgifter til medlemsskapet vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.202, konferansar/ kompetanse.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune melder seg inn den internasjonale foreninga International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic).
2. Fylkesrådmannen får ansvar for innmeldingsprosessen og oppfølging av medlemsskapet.

Utgifter til medlemsskapet vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.202, konferansar/ kompetanse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune melder seg inn den internasjonale foreninga International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic).
2. Fylkesrådmannen får ansvar for innmeldingsprosessen og oppfølging av medlemsskapet.

Utgifter til medlemsskapet vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.202, konferansar/ kompetanse.

PS 122/21 Foreningen Danielsen intensivgymnas- søkad etter friskulelova om tilbod i yrkesfag- uttale frå Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland stiller seg positive til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Den planlagde kapasiteten i bygg- og anleggsteknikk og naturbruk vil ikkje ha store negative konsekvensar for tilboda i den offentlege skulestrukturen.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda er glad for at interessa for yrkesfag er aukande, også mellom utdanningstilbydarane. 65 plassar i Bygg og anleggsteknikk er ein betydeleg del av søkjarane i Vestland. 30 plassar i Naturbruk utgjer ein enno større del av søkjarane. Samstundes blir det eit nytt tilbod i naturbruk på Bømlø, som er støtta av nemnda og svarar ut arbeidslivets behov. Vi har enno ikkje hausta erfaringar med dette.

I saka synes det til behov for auka kapasitet i Bergen for Bygg og anleggsteknikk. Det er mykje rett akkurat no, men dette er bransjar med konjunktursvingingar, og framtida kan det også verte behov for å redusera kapasitet. For havbruksnæringa synast det til at den er i rivande utvikling. Nemnda er kjent med det, men kan ikkje sjå at det er god analyse for å vurdere framtidens behov for lærlingar, og kva lærlingar som i fall er trong for.

Saka er heller ikkje utgreia eller dokumentert med omsyn til kva bedrifter som skal samarbeide med Danielsen om intensjonsavtalar, tilgang til YFF og etter kvart læreplassar. Er desse lærebedriftene dei same som fylkeskommunen har avtale med? I fall, må fylkeskommunen revurdere sin kapasitet på einskildskular, fordi eit nytt tilbod føre

til at andre elevar ikkje får læreplass? Nemnda meiner at slike spørsmål må vere avklara før ein tek stilling til kva behov som finns.

Nemnda viser til at vi i fleire høve har uttala at dei ulike tilboda på yrkesfag må etablerast nærast mogleg dei verksemdene som har trong for lærlingar. Samstundes må tilboda ha ein viss storleik for å ha kvalitet. Nemnda er uroa for at eit sentralisert tilbod vil føra at utdanningstilbod i distrikta vert svekka og jamvel nedlagd. Vi viser til at arbeidslivets behov for faglært arbeidskraft og lærlingar skal vere styrande, og det arbeidslivet finns i heile Vestland.

Det er gjort eit stort og godt arbeid i Vestland fylkeskommune med å dimensjonera tilboda i skulen meir i tråd med arbeidslivets behov, for å mellom anna sikre at elevane skal ha tilgang på læreplass. Det har vore ein krevjande prosess å mellom anna redusera tilbod ungdom gjerne søker, men som vi veit at det ikkje er nok læreplassar til. Rett dimensjonering av tilboda på yrkesfag er eit arbeid som endrar karakter frå år til år med skiftande konjunkturar, søkemønster med meir.

Skal fylkeskommuna ha moglegheit å sikra flest mogleg læreplass, må fylkeskommuna ha mynde over kva tilbod som skal opprettast eller nedleggast på ulike skular i fylket. Dersom det etablerast yrkesfaglege tilbod utanfor fylkeskommunens mynde, vil fylkeskommunas moglegheit å skaffe alle læreplass verte undergravid og på sikt bli vekk. Skal slike tilbod verte oppretta, ser nemnda det som ein føresetnad at lov og forskrift vert endra slik at fylkeskommuna har mynde over alle yrkesfaglege tilbod som gis.

Yrkesopplæringsnemnda ser ikkje at dette kan ivaretakast, og kan difor ikkje stø fylkesrådmannens innstilling.»

Avrøysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda er glad for at interessa for yrkesfag er aukande, også mellom utdanningstilbydarane. 65 plassar i Bygg og anleggsteknikk er ein betydeleg del av søkjarane i Vestland. 30 plassar i Naturbruk utgjer ein enno større del av søkjarane. Samstundes blir det eit nytt tilbod i naturbruk på Bømlo, som er støtta av nemnda og svarar ut arbeidslivets behov. Vi har enno ikkje hausta erfaringar med dette.

I saka synes det til behov for auka kapasitet i Bergen for Bygg og anleggsteknikk. Det er mykje rett akkurat no, men dette er bransjar med konjunktursvingingar, og framtida kan det også verte behov for å redusera kapasitet. For havbruksnæringa synast det til at den er i rivande utvikling. Nemnda er kjent med det, men kan ikkje sjå at det er god analyse for å vurdere framtidas behov for lærlingar, og kva lærlingar som i fall er trong for.

Saka er heller ikkje utgreia eller dokumentert med omsyn til kva bedrifter som skal samarbeide med Danielsen om intensjonsavtalar, tilgang til YFF og etter kvart læreplassar. Er desse lærebedriftene dei same som fylkeskommunen har avtale med? I fall, må fylkeskommunen revurdere sin kapasitet på einskildskular, fordi eit nytt tilbod føre til at andre elevar ikkje får læreplass? Nemnda meiner at slike spørsmål må vere avklara før ein tek stilling til kva behov som finns.

Nemnda viser til at vi i fleire høve har uttala at dei ulike tilboda på yrkesfag må etablerast nærast mogleg dei verksemdene som har trong for lærlingar. Samstundes må tilboda ha ein viss storleik for å ha kvalitet. Nemnda er uroa for at eit sentralisert tilbod vil føra at utdanningstilbod i distrikta vert svekka og jamvel nedlagd. Vi viser til at arbeidslivets behov for faglært arbeidskraft og lærlingar skal vere styrande, og det arbeidslivet finns i heile Vestland.

Det er gjort eit stort og godt arbeid i Vestland fylkeskommune med å dimensjonera tilboda i skulen meir i tråd med arbeidslivets behov, for å mellom anna sikre at elevane skal ha tilgang på læreplass. Det har vore ein krevjande prosess å mellom anna redusera tilbod ungdom gjerne søker, men som vi veit at det ikkje er nok læreplassar til. Rett dimensjonering av tilboda på yrkesfag er eit arbeid som endrar karakter frå år til år med skiftande konjunkturar, søkemønster med meir.

Skal fylkeskommuna ha moglegheit å sikra flest mogleg læreplass, må fylkeskommuna ha mynde over kva tilbod som skal opprettast eller nedleggast på ulike skular i fylket. Dersom det etablerast yrkesfaglege tilbod utanfor fylkeskommunens mynde, vil fylkeskommunas moglegheit å skaffe alle læreplass verte undergravid og på sikt bli vekk. Skal slike tilbod verte oppretta, ser nemnda det som ein føresetnad at lov og forskrift vert endra slik at fylkeskommuna har mynde over alle yrkesfaglege tilbod som gis.

Yrkesopplæringsnemnda ser ikkje at dette kan ivaretakast, og kan difor ikkje stø fylkesrådmannens innstilling.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, SV, SP og R fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak (erstatte fylkesrådmannen sin innstilling):

1. Utval for opplæring og kompetanse stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Utval for opplæring og kompetanse syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet stør tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Utval for opplæring og kompetanse ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einstilte utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (3 H, FrP, MDG og KrF) og falt. Gadolin sitt forslag fekk 9 røyster (A, SV, SP, R og FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkestinget stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Fylkestinget syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet stør tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Fylkestinget ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einstilte utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, FRP, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget i Vestland stiller seg positive til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Den planlagde kapasiteten i bygg- og anleggsteknikk og naturbruk vil ikkje ha store negative konsekvensar for tilboda i den offentlege skulestrukturen.»

Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (KRF, FRP, H, FNB) og fall.

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (KRF, FRP, H, FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Fylkestinget syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet stør tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Fylkestinget ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einsskilte utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.

PS 123/21 Tilhøve for ungdom på hybel

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.
2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.
4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme..

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.
2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.
4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, SV, A, SP og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg til punkt 2

Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Tomren sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.
2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.
3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.
4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1

Det er ønskeleg med fast sosialpedagogisk personell på dei vidaregåande skulane, og ein ser det som særleg viktig på skular med mange hybelbuarar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Brosvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FRP).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeidar med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve. Det er ønskeleg med fast sosialpedagogisk personell på dei vidaregåande skulane, og ein ser det som særleg viktig på skular med mange hybelbuarar.
2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.
3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.
4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjettramme.

PS 124/21 Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland

Forslag til innstilling

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

.....
som saksordførar.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram forslag om at sak PS 23/21 «Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» vert utsett.

Avrøysting til utsetjing:

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak PS 23/21 «Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervising i Vestland».

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

John Andre Kongsvik, H, sette fram slikt forslag:

«I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

Sonja Merete Øvre Flo som saksordførar.»

Avrøysting

Kongsvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

Sonja Merete Øvre Flo som saksordførar.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet Sonja Merete Øvre Flo som saksordførar.

PS 125/21 Fagbrev på jobb

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet styrker ordninga fagbrev på jobb ved å omdisponera 5. mill. kr. frå tilskotsordninga *Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre* til fagbrev på jobb . Søkarar som er permitterte, eller står i fare for å bli permitterte vert prioritert.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet styrker ordninga fagbrev på jobb ved å omdisponera 5. mill. kr. frå tilskotsordninga *Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre* til fagbrev på jobb . Søkarar som er permitterte, eller står i fare for å bli permitterte vert prioritert.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

RS 24/21 vart referert.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett»

Avrøysting til utsetjing:

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 126/21 Etablering av felles digital formidlingsteneste for natur- og kulturhistorie i Vestland

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vurderer ei ny felles digital formidlingsløysing saman med UiB, basert på dei to eksisterande tenestene Grind og Kulturhistorisk Leksikon.
2. Løyving til prosjektet vert å kome attende til i budsjettprosessen for 2022.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Vestland fylkeskommune vurderer ei ny felles digital formidlingsløysing saman med UiB, basert på dei to eksisterande tenestene Grind og Kulturhistorisk Leksikon.

Løyving til prosjektet vert å kome attende til i budsjettprosessen for 2022.

PS 127/21 Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.
2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 19.05.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å utvikle eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod elevar og lærlingar - Nettskulen i Vestland.

2. Under føresetnad av at nettopplæringstilbodet vert prioritert i budsjett 2022 og økonomiplanen, vil Vestland fylkeskommune opprettar ein prosjektorganisasjon for å utvikle nettskulen i Vestland, med oppstart hausten 2021. Kostnader for 2021 vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.

PS 128/21 Prinsipp - val av skulenamn på nye vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.

2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.

3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.

2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.

3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.
2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.
3. Skulenamn på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk skrivemåte.

PS 129/21 Nye regionråd i Vestland fylke - Framlegg til tilskotsordningar og partnerskapsavtalar

Forslag til innstilling

- 1) Fylkestinget i Vestland ser positivt på at kommunar i fylket etablerer regionråd basert på § 18-1 i kommunelova.
- 2) Fylkestinget er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråd som blir etablert med nemnde heimel i kommunelova. Tilskotet skal gå til drift av regionrådet og legg til grunn at kommunane i regionrådet samla bidreg med minst tilsvarande sum.

Grunntilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan. Første utbetaling vil kunne skje i 2022 til regionråd etablert før 1.november 2021.

- 3) Fylkestinget er innstilt på å etablere ei eksternt retta tilskotsordning for prosjekt som fell utafor dagens tilskotsordningar. Nyordninga skal vere søknadsbasert og retta mot utviklingsprosjekt av særleg interesse for regionråda. Ordninga bør kunne byggjast opp over tid og storleiken på budsjettposten vil første gong bli vurdert i fylkeskommunen sitt budsjett for 2022.

Tilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan og fylkesutvalet får fullmakt til å fastsetje nærare retningslinjer for den nye tilskotsordninga og til å tildele midlar frå denne.

Regionråda vil bli bedne om å ta imot søknader til den nye tilskotsordninga og eventuelt prioritere mellom desse. Alle søknader skal vidareformidlast samla frå regionråda til fylkeskommunen.

- 4) Fylkeskommunen sitt forhold til regionråda skal regulerast i partnerskapsavtalar. Desse bør omtale tilskota nemnde i pkt. 2 og 3 og dei forhold partane elles måtte bli samde om.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne partnerskapsavtalene.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Alfred Bjørlo (V) setter på vegner av V, A, MDG, SP, SV, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

- 1) Fylkestinget i Vestland ser positivt på at kommunar i fylket etablerer regionråd basert på § 18-1 i kommunelova, eller etter Lov om interkommunale selskap.
- 2) Fylkestinget er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråd som blir etablert med nemnde heimel i kommunelova eller Lov om Interkommunale selskap.

For åra 2022 og 2023 kan også regionråd etablert etter §27 i tidlegare kommunelov få tilskot, jmf reglane i ny kommunelov. Frå og med 2024 må desse råda vere omdanna til regionråd heimla i ny kommunelov eller Lov om Interkommunale selskap.

Tilskotet skal gå til drift av regionrådet og legg til grunn at kommunane i regionrådet samla bidreg med minst tilsvarande sum. Grunntilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan. Første utbetaling vil kunne skje i 2022 til regionråd etablert før 1.november 2021.»

Avrøysting

Bjørlo sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB, U).
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3-4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB, U).

Innstilling til fylkestinget

- 1) Fylkestinget i Vestland ser positivt på at kommunar i fylket etablerer regionråd basert på § 18-1 i kommunelova, eller etter Lov om interkommunale selskap.
- 2) Fylkestinget er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråd som blir etablert med nemnde heimel i kommunelova eller Lov om Interkommunale selskap.

For åra 2022 og 2023 kan også regionråd etablert etter §27 i tidlegare kommunelov få tilskot, jmf reglane i ny kommunelov. Frå og med 2024 må desse råda vere omdanna til regionråd heimla i ny kommunelov eller Lov om Interkommunale selskap.

Tilskotet skal gå til drift av regionrådet og legg til grunn at kommunane i regionrådet samla bidreg med minst tilsvarande sum. Grunntilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan. Første utbetaling vil kunne skje i 2022 til regionråd etablert før 1.november 2021

- 3) Fylkestinget er innstilt på å etablere ei eksternt retta tilskotsordning for prosjekt som fell utafør dagens tilskotsordningar. Nyordninga skal vere søknadsbasert og retta mot utviklingsprosjekt av særleg interesse for regionråda. Ordninga bør kunne byggjast opp over tid og storleiken på budsjettposten vil første gong bli vurdert i fylkeskommunen sitt budsjett for 2022.

Tilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan og fylkesutvalet får fullmakt til å fastsetje nærare retningslinjer for den nye tilskotsordninga og til å tildele midlar frå denne.

Regionråda vil bli bedne om å ta imot søknader til den nye tilskotsordninga og eventuelt prioritere mellom desse. Alle søknader skal vidareformidlast samla frå regionråda til fylkeskommunen.

- 4) Fylkeskommunen sitt forhold til regionråda skal regulerast i partnarskapsavtaler. Desse bør omtale tilskota nemnde i pkt. 2 og 3 og dei forhold partane elles måtte bli samde om.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne partnarskapsavtalene.

PS 130/21 Godkjenning av ny selskapsavtale for VIGO IKS

Forslag til innstilling

Ny selskapsavtale mellom fylkeskommunane vert vedteke slik den er lagt fram her.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Ny selskapsavtale mellom fylkeskommunane vert vedteke slik den er lagt fram her.

PS 131/21 Innstilling til klima- og miljøpris 2021

Saka og saksprotokoll vert offentleg etter at prisen er delt ut i fylkestinget 16.-17. juni 2021.

PS 132/21 Vestland fylkeskommune - søke medlemskap i Sunne kommuner

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune søker medlemskap i det norske nettverket til WHO - *Sunne kommuner* og sluttar seg til nettverket sine målsettingar, prinsipp og strategiar.
2. Vestland fylkeskommune betaler årleg kontingent, kr 90.000, etter sats for fylkeskommunar. Kostnaden vert dekkja innanfor budsjettet til seksjon plan, klima og folkehelse.
3. Vestland fylkeskommune evaluerer deltaking i nettverket og vurderer nytte av vidare medlemskap etter tre år.
4. Politisk kontaktperson frå Vestland fylkeskommune vert.....

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Evt. deltaking vert å vurdere saman med andre medlemskap.»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

Evt. deltaking vert å vurdere saman med andre medlemskap.

PS 133/21 Takstauke spesialistbehandling TK Vestland

Forslag til vedtak

- 1) Timetaksten for spesialisttenester ved TkVestland vert sett til kr. 2600 frå 1.juli 2021.
- 2) Fylkesrådmannen får fullmakt til:
 - a. årleg justere timeprisen i tråd med prisveksten.
 - b. dersom særlege tilhøve krev det, ytterlegare justering av timeprisen på inntil 10%.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Timetaksten for spesialisthelsetenester vert ikkje endra no, men vert å komme attende til i samband med budsjett og økonomiplan og etter at fylkestinget har fått sett rapportane om tannhelsetenesta i samanheng.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Vedtak

- 1) Timetaksten for spesialisttenester ved TkVestland vert sett til kr. 2600 frå 1.juli 2021.
- 2) Fylkesrådmannen får fullmakt til:
 - a. årleg justere timeprisen i tråd med prisveksten.
 - b. dersom særlege tilhøve krev det, ytterlegare justering av timeprisen på inntil 10%.

PS 134/21 Eigarstyring Fjord Invest Såkorn AS - forslag om vedtektsendring

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtektene § 2 vert endra frå:

«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»

til følgjande nye utforming:

«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.»

2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtektene § 2 vert endra frå:

«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»

til følgjande nye utforming:

«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.»

2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtektene § 2 vert endra frå:

«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»

til følgjande nye utforming:

«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.»

2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.

PS 135/21 E134 Haukelivegen AS - forslag om å auke eigarane sitt bidrag

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for den føreslegne kostnadsdelinga mellom eigarane for 2022 på den komande generalforsamlinga.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten krevje at sak om kostnadsdeling for 2023 og seinare år vert gjort grundig greie for til generalforsamlinga neste år, gjerne med ei vurdering av potensialet for andre inntektskjelder og om driftsnivået er føremålstenleg.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for forslaget om å forlengje medlemene i valkomitéen si maksimale funksjonstid på den komande generalforsamlinga.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Arve Helle (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr.2.

Avrøysting

Det var 14 medlemer til stades.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for den føreslegne kostnadsdelinga mellom eigarane for 2022 på den komande generalforsamlinga.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten krevje at sak om kostnadsdeling for 2023 og seinare år vert gjort grundig greie for til generalforsamlinga neste år, gjerne med ei vurdering av potensialet for andre inntektskjelder og om driftsnivået er føremålstenleg.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for forslaget om å forlengje medlemene i valkomitéen si maksimale funksjonstid på den komande generalforsamlinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylke avviklar eigardeltakinga si i E134 Haukelivegen AS.»

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ - endring punkt 1

Endre for til mot.»

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av SP, A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Fylkesutvalet ber om ei sak som drøftar premissane for deltaking i ulike pådrivarselskap og prinsipp for kontingentar og tilskotsordningar til desse selskapa. Fylkesutvalet ber òg om status for dei pådrivarselskapa fylket deltar i pr. dag.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, U) og fall.

Innstillinga punkt 1 med Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (FRP, H) for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2-3 vart samrøystes vedteke.

Bratli Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste mot den føreslegne kostnadsdelinga mellom eigarane for 2022 på den komande generalforsamlinga.

2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten krevje at sak om kostnadsdeling for 2023 og seinare år vert gjort grundig greie for til generalforsamlinga neste år, gjerne med ei vurdering av potensialet for andre inntektskjelder og om driftsnivået er føremålstenleg.

3. Fylkesutvalet ber eigarrepresentanten røyste for forslaget om å forlengje medlemene i valkomitéen si maksimale funksjonstid på den komande generalforsamlinga.

4. Fylkesutvalet ber om ei sak som drøftar premissane for deltaking i ulike pådrivarselskap og prinsipp for kontingentar og tilskotsordningar til desse selskapa. Fylkesutvalet ber òg om status for dei pådrivarselskapa fylket deltar i pr. dag

PS 136/21 Arbeid med internkontroll og resultat av eksterne tilsyn i 2020

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek orienteringa om arbeidet med internkontroll til vitande og ber fylkesrådmannen følgje opp dei prioriterte oppfølgingsområda med mål og tiltak som det sentrale arbeidsmiljøutvalet har peika på.
2. Fylkestinget tek orienteringa om gjennomførte statlege tilsyn til vitande.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at det vert etablert felles system og rutinar som tek vare på ansvaret som skuleeigar i høve opplæringslova og sikrar god og einskapleg oppfølging av statlege tilsyn.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.04.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget tek orienteringa om arbeidet med internkontroll til vitande og ber fylkesrådmannen følgje opp dei prioriterte oppfølgingsområda med mål og tiltak som det sentrale arbeidsmiljøutvalet har peika på.
2. Fylkestinget tek orienteringa om gjennomførte statlege tilsyn til vitande.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at det vert etablert felles system og rutinar som tek vare på ansvaret som skuleeigar i høve opplæringslova og sikrar god og einskapleg oppfølging av statlege tilsyn.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orienteringa om arbeidet med internkontroll til vitande og ber fylkesrådmannen følgje opp dei prioriterte oppfølgingsområda med mål og tiltak som det sentrale arbeidsmiljøutvalet har peika på.
2. Fylkestinget tek orienteringa om gjennomførte statlege tilsyn til vitande.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at det vert etablert felles system og rutinar som tek vare på ansvaret som skuleeigar i høve opplæringslova og sikrar god og einskapleg oppfølging av statlege tilsyn.

PS 137/21 Møteplan for folkevalde organ i 2022

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Fylkesordfører Jon Askeland (SP) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte i fylkesutvalet»

Avrøysting

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i fylkesutvalet.

PS 138/21 Årsmelding for klagenemnda i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda i Vestland fylkeskommune for 2020 til orientering.

Saksprotokoll i klagenemnda - 05.05.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda i Vestland fylkeskommune for 2020 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda i Vestland fylkeskommune for 2020 til orientering.

PS 139/21 Godkjenning av fylkesting for ungdom (FFU) og Vestland ungdomsutval

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner samansetnad av Vestland ungdomsutval og tek protokoll og handlingsprogram frå fylkesting for ungdom til vitande.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner samansetnad av Vestland ungdomsutval og tek protokoll og handlingsprogram frå fylkesting for ungdom til vitande.

PS 140/21 Kjønnsnøytrale stillingsnemningar i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune skal ha kjønnsnøytrale stillingsnemningar for alle sine tilsette.
2. Øvste leiar i fylkesadministrasjonen skal med verknad frå 1. juli 2021 ha stillingsnemninga fylkeskommunedirektør.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune skal ha kjønnsnøytrale stillingsnemningar for alle sine tilsette.
2. Øvste leiar i fylkesadministrasjonen skal med verknad frå 1. juli 2021 ha stillingsnemninga fylkeskommunedirektør.

PS 141/21 Oppnemning av representantar frå kommunesektoren til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representant og vararepresentant til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget:

1. Representant:
2. Vararepresentant:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

1. Representant: Jon Askeland
2. Vararepresentant: Silja Ekeland Bjørkly»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande representant og vararepresentant til regjeringa sitt Europapolitiske forum for kommunesektorane og Sametinget:

1. Representant: Jon Askeland
2. Vararepresentant: Silje Ekeland Bjørkly

PS 142/21 Årsmelding Vestland fylkeskommune 2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2020 Vestland fylkeskommune» til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek «Årsmelding 2020 Vestland fylkeskommune» til orientering.

PS 143/21 Uttale knytt til flykjøp på ruta Stord-Oslo

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Emil Gadolin (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Stord Lufthavn. Gadolin gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Gadolin var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Gadolin gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 16 representantar til stades.

Sigbjørn Framnes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Uttale: Støtte til Stord Lufthamn

Vestland fylkesutval ber regjeringa om å oppretthalda flykjøp på ruta Oslo-Stord Samf.dep. fortel i pressemelding datert 28. mai at flyruta Stord-Oslo vert teken ut av ordninga for kjøp av flyruter frå utløpet av juni.

Flyruta Stord-Oslo vart inkludert i den statlege ordninga for kjøp av flyruter 12. april. Anbudet gjaldt for kun 3 månader. Belegget på ruta har auka sakte men sikkert. Frå ein kabinfaktor på 12,8% fyrste veka etter oppstarten har kabinfaktoren no vore over 30% dei siste 3 vekene.

Vi ser såleis ei positiv utvikling i passasjertal. Stord lufthamn og Osloruta er viktig for beredskapen i Sunnhordland og for konkurranseevna til lokalt næringsliv. Aker Solutions nyttar Stord lufthamn og charterfly frå Widerøe til å fly heim polske gjestearbeidarar. Før pandemien kom hadde DAT operert Osloruta i 10 år for eiga økonomisk støtte. Vårt mål er at flyselskapet igjen skal kunna operera Osloruta utan økonomisk støtte. For å klare dette er me avhengig av at ruta enno ei stund vert inkludert i statens flyrutekjøp. På denne måten får me bygd opp eit godt passasjergrunnlag. Utan Osloruta står lufthamna i fare for å verta lagt ned. Fylkesutvalget i Vestland ber regjeringa vurdere flykjøp på ruta Stord - Oslo på nytt.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Uttale: Støtte til Stord Lufthamn

Vestland fylkesutval ber regjeringa om å oppretthalda flykjøp på ruta Oslo-Stord

Samf.dep. fortel i pressemelding datert 28. mai at flyruta Stord-Oslo vert teken ut av ordninga for kjøp av flyruter frå utløpet av juni.

Flyruta Stord-Oslo vart inkludert i den statlege ordninga for kjøp av flyruter 12. april. Anbudet gjaldt for kun 3 månader. Belegget på ruta har auka sakte men sikkert. Frå ein kabinfaktor på 12,8% fyrste veka etter oppstarten har kabinfaktoren no vore over 30% dei siste 3 vekene.

Vi ser såleis ei positiv utvikling i passasjertal. Stord lufthamn og Osloruta er viktig for beredskapen i Sunnhordland og for konkurranseevna til lokalt næringsliv. Aker Solutions nyttar Stord lufthamn og charterfly frå Widerøe til å fly heim polske gjestearbeidarar.

Før pandemien kom hadde DAT operert Osloruta i 10 år for eiga økonomisk risiko. Vårt mål er at flyselskapet igjen skal kunna operera Osloruta utan økonomisk støtte. For å klare dette er me avhengig av at ruta enno ei stund vert inkludert i statens flyrutekjøp.

På denne måten får me bygd opp eit godt passasjergrunnlag. Utan Osloruta står lufthamna i fare for å verta lagt ned. Fylkesutvalget i Vestland ber regjeringa vurdere flykjøp på ruta Stord - Oslo på nytt.